
Vår referanse 2021/21286-5
Dato 01.07.2021

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST
Naustdalsvegen 1B
6800 FØRDE

Fråsegn til søknad om å leggje ned dam Storavatn i Øygarden kommune

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

Saka gjeld søknad om nedlegging av dam Storavatnet i Øygarden kommune. Hovuddam og sidedam skal rivast, og ein skal etablere ein midlertidig anleggsveg fram til sidedammen. Nedlegginga av dammen vil senke vasstanden med omlag sju meter.

Demningen som er søkt riven er ein del av kulturmiljøet Knarrvika Industristad (Askeladden-id 222181). Oppdemminga av Storavatnet var eit premiss for etableringa av næringsverksemda på staden. Den noverande demningen er truleg frå slutten av 1800-talet, mura i tørrmur, og seinare forsterka med betong. Kulturmiljøet Knarrvika Industristad er eit kulturmiljø av regional interesse, og ligg i omsynssone bevaring av kulturmiljø i kommuneplanens arealdel (dåverande Fjell kommune). I tidlegare Fjell kommune sin kulturminneplan er Knarrvika Industristad vurdert til å ha svært høg kulturminneverdi.

I søknaden om nedlegging er verknadene det omsøkte tiltaket vil få for kulturmiljøet vurdert. Riving av dammen vil gje negativ innverknad på kulturmiljøet, då eit viktig element i kulturmiljøet Knarrvika vil gå tapt. I utgreiinga er det likevel ikkje foreslått avbøtande tiltak for kulturmiljøet. Vi kan heller ikkje sjå at det er vurdert alternative løysingar for riving av dammen. Avbøtande tiltak som bør vurderast kan vere å bevare delar av dammen. Slik kan det framleis vere mogleg å lese den historiske samanhengen mellom Storavatnet og næringsverksemda i Knarrvika.

Konklusjon

Demningen i Storavatnet er eit viktig element i kulturmiljøet Knarrvika Industristad, og oppdemminga var eit premiss for plasseringa av næringsverksemd på staden. Riving av dammen vil ha negativ innverknad på kulturmiljøet. Vi ber om at det vert vurdert alternative løysingar og/eller avbøtande tiltak for rivinga av dammen i Storavatnet.

Med helsing

Solve Dag Sondbø
seksjonssjef

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

